

INFORMASJON OM NYE SOGNDAL



INNLEIING

Dette er eit første nyhendebrev til alle tilsette der meininga er å sikra felles info i startfasen av arbeidet med å byggja ein ny felles kommune. Me oppmodar alle tilsette i dei tre kommunane om å vera innom heimesida til NYE SOGNDAL KOMMUNE www.nye.sogndal.kommune.no. Der vert det kvar veke framover lagt ut mykje relevant informasjon som vil kunne gjelda deg og arbeidsstaden.

Eg byrja i mars som prosjektrådmann/Rådmann, like etter kom Kjell Einar Barsnes på plass som prosjektkoordinator. Steinar Henriksen har allereie vore på plass nokre månader som prosjektleiar innan ikt. I andre kommunar har dei langt større administrasjon rundt samanslåingar. Me jobbar også med å få på plass meir folk til informasjonsarbeid, saksutgreiingar og økonomiske analyser. Nye Sogndal vert i det nye Vestlandsfylket ein relativt stor kommune kva gjeld geografi, folketal og studentar. I tillegg har me stort potensiale for vekst, arbeidsplassutvikling og verdiskaping.

Ekstra kjekt er det å registrere at svært mange ser fram til samanslåinga og det som skal skje. Men det finns og visse; kva skjer no....., og korleis vert dette for meg? Eg har og fått direkte spørsmål om folk vil miste arbeidet, til det er svaret krystallklårt nei! Me har eit heilt stykke arbeid framover, og du vert invitert til å bidra med dine synspunkt og med din kompetanse!


Nye Sogndal skal ta vare på det beste frå dei tre kommunane. Ilag skal me skapa noko nytt, og me skal setja oss høge mål! Du skal få mogelegheiter i å vidareutvikla deg som medarbeidar, og det er jo oss tilsette som vert berebjelken i den nye organisasjonen. Det er heller ikkje slik at det er til dømes Leikanger som går inn i Sogndal. Det er tre likeverdige partar som skal skapa noko heilt nytt ilag. Frå 1.1.2020 eksisterer ikkje lengre kommunane Sogndal, Balestrand eller Leikanger slik me kjenner dei i dag. Me vert ein ny organisasjon med nær 1.200 tilsette, det er ilag me skal byggja ein ny felles kultur.

Eg ser fram til å verte kjend med deg, og med din tenestestad. Det er berre saman at me greier å løyse oppgåvene! Etter knappe 4 veker på jobb, har eg allereie hatt gleden av å møte utruleg mange kjekke kollegaer i Sogndal, Balestrand og i Leikanger som representerer **KOMPETANSE, DUGLEIK og GODE HALDNINGAR**. Det lovar godt! Me sjåast ☺

Best hels Stig Arne Thune, Prosjektrådmann/Rådmann

NY KOMMUNE, ORGANISERING OG JOBBTRYGGLEIK

Ei såpass stor omorganisering av kommunen vil medføre endringar, spesielt er det toppleiarnivå og særskilde funksjonar som vert mest påverka. Ein kan til dømes ikkje ha tre rådmenn, 8 kommunalsjefar eller tre fagleiarar innan det same fagområdet. Nokre vil difor få ny rolle, men alle beheld jobben. Dersom du til dømes jobbar på ein sjukeheim, i ein barnehage eller på ein skule vert du i mindre påverka, sjølv om kommunen, visse rapporteringssystem og overordna struktur vert endra. Nye Sogndal treng alle medarbeidarar som er positive og villige til innsats for å løyse våre nye felles oppgåver. Du bidreg til tryggleik og verdiskaping kvar dag. Prosessen med omstilling skal verte gjort på ein god måte og i nært samarbeid med dei tilsette sine representantar; HTV/HVO. Nye Sogndal skal og framleis vera ein attraktiv arbeidsgjevar, og me ser på å vidareutvikla moegelege personalgoder som til dømes støtte til trening, trening i arbeidstid, sosiale treffpunkt og årleg personalsamling. Når det gjeld leiarskap vil den framtidige toppleiargruppa trenast i godt leiarskap, noko som og vil gjelda leiarar og hovudtillitsvalde. Ein jobbar i desse dagar med nytt organisasjonskart, dette vert presentert for administrativ styringsgruppe og HTV. Utkastet vert etter kvart lagt ut på www.nye.sogndal.kommune.no



PROSJEKTORGANISASJON

.....så langt, er frå venstre Prosjektrådmann Stig Arne Thune, prosjektkoordinator Kjell Einar Barsnes og IKT prosjektleiar Steinar Henriksen.

På heimesida og intranett kjem me etter kvart til å lysa etter fleire prosjektmedarbeidarar, kanskje du vert vår nye kollega??

MASTERPLAN. Me har byrja på ein overordna plan over kven som må gjera kva, når og korleis. Denne vert kontinuerleg justert, samt diskutert med Fellesnemnd, Rådmenn og HTV. Sjå heimesida for meir informasjon;

Nye Sogndal kommune
Brevboks: 2000 Sogndal

PROSJEKTOMRÅDE	2018					2019				
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai
1. Prosjektorganisering										
2. Informasjonsarbeid										
3. Fellesnemnd										
4. Rådmenn										
5. HTV/HVO										
6. Utval										
7. Utval										
8. Utval										
9. Utval										
10. Utval										
11. Utval										
12. Utval										
13. Utval										
14. Utval										
15. Utval										
16. Utval										
17. Utval										
18. Utval										
19. Utval										
20. Utval										
21. Utval										
22. Utval										
23. Utval										
24. Utval										
25. Utval										
26. Utval										
27. Utval										
28. Utval										
29. Utval										
30. Utval										
31. Utval										
32. Utval										

PERSONALSAMLING

Onsdag 29. og torsdag 30. august 2018 arrangerer ein to like personalsamlingar for alle tilsette i Sogndal. (Dei som har seinvakt ein dag, kan då delta den andre dagen osv).

Det vert grillmat, kulturelle innslag, informasjon frå den nye Rådmannen og eit aktuelt og interessant føredrag.

Me kjem attende med meir informasjon! Dette vert kjekt og nyttig, folkens ☺